
Vår referanse	2020/51967-5
Dato	22.05.2020
Sakshandsamar	Trond Wahl
Telefon	40916223


Alver kommune

Lerøy Vest AS - Søknad om etablering av semilukka anlegg i sjø for oppdrett av postsmolt ved Bjørsvik i Alver kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 20.05.2020 frå Lerøy Vest AS om etablering av semilukka anlegg i sjø for oppdrett av postsmolt ved Bjørsvik i Alver kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at Lerøy Vest AS ønsker å produsera setjefisken i kar på land på Lerøy Vest AS sin avdeling Bjørsvik til den blir om lag 150 gr. og deretter setja ein del av fisken i lukka/semilukka anlegg ved Bjørsvik og helda den her til den blir ein postsmolt på mellom 500-1000 gr. Deretter er ønsket å setja fisken i opne merdar på ein av lokalitetane til Lerøy Vest AS.

I føresegnene til gjeldande kommuneplan står *det "I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg. Heimel: Pbl.§ 11-11 nr.3"*.



Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng

annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift